



MØTEPROTOKOLL

Organ	Planutvalet
Møtestad	Leikanger - Fylkeshuset, møterom Sygna
Møtedato	03.05.2017
Kl.	10:30 – 13:15

Faste medlemmer til stades:

Jenny Følling, Sp
Åshild Kjelsnes, Ap
Sigurd Reksnes, Sp
Aleksander Øren Heen, Sp
Trude Brosvik, KrF
Hilmar Høl, Ap
Helen Hjertaas, Ap
Bjørn Erik Hollevik, H
Gunhild Berge Stang, V
Karianne Torvanger, Ap
Noralv Distad, H
Stein Malkenes, MDG
Frank Willy Djuvik, FrP
Jakob André Sandal, SV

Forfall til møtet:

Karen Marie Hjelmeseter, Sp

Varamedlemer til stades:

Til stades med møte- og talerett:

Tore Eriksen, Jan Heggheim, Synnøve Stalheim

Sekretariat for møtet:

Stig Vattekar

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møteprotokoll frå 25.01.2017 vart godkjend utan merknader.

SAK 2/17 Regional plan for kultur – arbeidsdokument nr 1

3. Organisering av arbeidet

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Planutvalet har ikkje merknader til den omtalte politiske organiseringa

Endringsframlegg: Ingen

Avrøysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

8. Førebelse problemstillingar til planprogrammet

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Planutvalet tek drøftingane over til vitande

Planutvalet legg til grunn at det gjennom planarbeidet skal veljast ut eit avgrensa tal kulturtema som skal ha fokus. Desse skal utgreiast med tanke på utfordringane som Regional planstrategi peikar på. Strategiar og tiltak i kulturplanen skal kunne bidra til å nå måla som Regional planstrategi set opp

Endringsframlegg: Ingen

Avrøysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

9. Framdriftsplan

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Planutvalet sluttar seg til framdriftsplanen

Endringsframlegg: Ingen

Avrøysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

Dette gir følgjande VEDTAK:

3. Organisering av arbeidet

Planutvalet har ikkje merknader til den omtalte politiske organiseringa

8. Førebelse problemstillingar til planprogrammet

Planutvalet tek drøftingane over til vitande

Planutvalet legg til grunn at det gjennom planarbeidet skal veljast ut eit avgrensa tal kulturtema som skal ha fokus. Desse skal utgreiast med tanke på utfordringane som Regional planstrategi peikar på. Strategiar og tiltak i kulturplanen skal kunne bidra til å nå måla som Regional planstrategi set opp

9. Framdriftsplan

Planutvalet sluttar seg til framdriftsplanen

SAK 3/17 Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018 - 2027

1. Status og framdrift

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Planutvalet tek orienteringa om status og framdrift til vitande

Endringsframlegg: Ingen

Avrøysting: Tilrådinga vart samrøystes vedteken

2. Visjon og hovudmål

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Planutvalet godkjenner framlegg til overordna visjon og hovudmål i Regional transportplan

Endringsframlegg: Ingen

Avrøysting: Tilrådinga vart samrøystes vedteken

3. Innhaldet i plandokumentet Regional transportplan 2018 - 2027

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Planutvalet tek oppbygging og innhald i plandokumentet til vitande. Det er viktig at mål, strategiar og ambisjonsnivå i regional transportplan er avstemt med andre regionale planar som er under utarbeiding parallelt med transportplanen.

Endringsframlegg:

Kristeleg Folkeparti kom med følgjande tilleggspunkt:

Det vert innarbeidd eit eige punkt om born og unge sine utfordringar og behov for trygge transportløyningar.

Avrøysting: Tilleggspunktet vart samrøystes vedteke.

Endringsframlegg:

Framstegspartiet kom med følgjande tilleggspunkt:

Planutvalet ber om at Fylkeskommunen sitt handlingsrom til avvik i vegnormalane vert utgreidd i planen

Avrøysting: Tilleggspunktet vart samrøystes vedteke.

Endringsframlegg:

Miljøpartiet De Grønne (MDG) kom med følgende tilleggspunkt:

1. RTP bør ha som målsetting netto nullutslepp i samsvar med Parisavtalens tidsramme (2030).
2. Det bør også avklarast kva som er forventa frå statleg hald i utsleppsreduksjon frå våre områders offentleg transportsystem.
3. RTP bør presentere malar for sakshandsamingsrutiner i konsesjonsspørsmål og ruteløyvesaker bør utsettast inntil slike forelegg.

Avrøysting:

Punkt 1 frå MDG fekk 8 av 14 røyster og vart vedteke.

Punkt 2 frå MDG fekk 4 av 14 røyster og fall.

Punkt 3 frå MDG fekk 1 av 14 røyster og fall.

4. Overordna prioriteringar (profil)

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Ei overordna prioritering (profil) skal leggst til grunn for utarbeiding av eit investeringsprogram. Rammene til investeringar vert fastlagde i samband med nytt investeringsprogram for fylkeskommunen.

Bundne prosjekt skal gjennomførast i tråd med FT sine vedtak. Planutvalet meiner det er viktig med ei satsing på drift og vedlikehald av fylkesvegnettet for å stoppe/reducere forfallet og for å klimatilpasse infrastrukturen til auka nedbør. Likeeins er det viktig å få eit trafikkikkert og framkomeleg vegnettet med satsing på trafikktryggings- og mindre utbetringstiltak.

Kollektivtilbodet er viktig for innbyggjarane i Sogn og Fjordane og skal utviklast slik at det gjev mest mogleg nytte for samfunnet innanfor gjeldande økonomiske rammer.

Dømet på profilen ovanfor er eit godt utgangspunkt for det vidare arbeidet, men planutvalet ber fylkesrådmannen vurdere også alternative profilar fram mot FT si handsaming av RTP.

Endringsframlegg: Ingen

Avrøysting: Tilrådinga vart samrøystes vedteken

5. Kystvegen

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Planutvalet tilrår at Statens vegvesen sin tilrådde trase for Kystvegen vert lag til grunn som framtidig trase for Kystvegen, og vert innarbeidd i høyringsutkast til Regional transportplan.

Endringsframlegg:

Arbeiderpartiet kom med følgende endringsframlegg:

Trasèval for kystvegen vert å ta stilling til i samband med handsaming av regional transportplan. Høyringsdokumentet må utformast slik at dei ulike trasèvala følgjer dokumentet.

Avrøysting:

Endringsframlegget fekk 13 av 14 røyster og vart vedteke.

Tilrådinga frå fylkesrådmannen fekk 1 av 14 røyster og fall.

Dette gir følgende VEDTAK:

1. Status og framdrift

Planutvalet tek orienteringa om status og framdrift til vitande

2. Visjon og hovudmål

Planutvalet godkjenner framlegg til overordna visjon og hovudmål i Regional transportplan

3. Innhaldet i plandokumentet Regional transportplan 2018 - 2027

Planutvalet tek oppbygging og innhald i plandokumentet til vitande. Det er viktig at mål, strategiar og ambisjonsnivå i regional transportplan er avstemt med andre regionale planar som er under utarbeiding parallelt med transportplanen.

Det vert innarbeidd eit eige punkt om born og unge sine utfordringar og behov for trygge transportløysingar.

Planutvalet ber om at Fylkeskommunen sitt handlingsrom til avvik i vegnormalane vert utgreidd i planen

RTP bør ha som målsetting netto nullutslepp i samsvar med Parisavtalens tidsramme (2030).

4. Overordna prioriteringar (profil)

Ei overordna prioritering (profil) skal leggst til grunn for utarbeiding av eit investeringsprogram. Rammene til investeringar vert fastlagde i samband med nytt investeringsprogram for fylkeskommunen.

Bundne prosjekt skal gjennomførast i tråd med FT sine vedtak. Planutvalet meiner det er viktig med ei satsing på drift og vedlikehald av fylkesvegnettet for å stoppe/reduere forfallet og for å klimatilpasse infrastrukturen til auka nedbør. Likeeins er det viktig å få eit trafikkikkert og framkomeleg vegnettet med satsing på trafikktryggings- og mindre utbetringstiltak.

Kollektivtilbodet er viktig for innbyggjarane i Sogn og Fjordane og skal utviklast slik at det gjev mest mogleg nytte for samfunnet innanfor gjeldande økonomiske rammer.

Dømet på profilen ovanfor er eit godt utgangspunkt for det vidare arbeidet, men planutvalet ber fylkesrådmannen vurdere også alternative profilar fram mot FT si handsaming av RTP.

5. Kystvegen

Trasèval for kystvegen vert å ta stilling til i samband med handsaming av regional transportplan. Høyringsdokumentet må utformast slik at dei ulike trasèvala følgjer dokumentet.

SAK 4/17

**Regional strategisk plan for kysten 2018-2029 - status
pr. 25.04.2017**

VEDTAK:
Statusrapporten vart teken til vitande.
